



Det er venta stabilt og fint vinterver - finn fram skia og kom deg ut på tur.

Det er venta ei veke med minusgrader og stabilt vinterver. Snøen, som kom før helga, vert liggjande og dermed er det berre å henta fram skia og koma seg ut på tur. Det er også eit ypperleg ver for dei som driv med veding og tek ut skog for vedproduksjon. Skogsvegen på Haugland vert brukt både til skiturar og til skogstransport.



Ein fin, men mindre brukt skitrase er skogsvegen som fører fram til ei open flate i lia ovom Musland.

Med 15 - 20 cm snø er vegtraseen i Hauglandslia godt eigna for skiturar og framkomst til fjellet. Traktorspor og seinare snøscooterspor gjer at skogsvegen er lett framkomeleg. Ei mindre brukt løype er traseen inn i Muslandslia. Det er eit lett og fint terreng med jevn stigning fram mot ei open flate ovom Musland.

Øystein Haugland nytta dagen i går til vedhogst høgt oppe i lia ovom velteplassen på skogsvegen i Hauglandslia. Han, saman med brørne og foreldra, har alt hogge, kløyvd og pakka 20 paller ved. Med eit stabilt vinterver vil han nytta dagane framover til å ta ut fin bjørkeved. Arbeidet har to siktemål. I tillegg til produksjon av ved for sal vert utmarka rydda og dermed får ein fram eit større beiteområde. Så langt er det teke ut om lag 10 mål ved.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Øystein Haugland er klar for transport av bjørkestrongar på skogsvegen i Hauglandslia.